


Snøkrystallen 2011-2012


Årsplan for Snøkrystallen småbarnehage



Spor i landskap
2011-2012



SNØKRISTALLEN
småbarnehage



Årsplan for barnehageåret 2011-2012

I denne årsplanen, som er for barnehageåret 2011-2012, vil vi presentere planane og visjonane våre for dette året.

Det er så mange ting vi ønskjer å gjere og så mange idear ein har. Her skal vi prøve å lage ein nokså realistisk plan for det vi skal jobbe med i år! Vi ønskjer ikkje å låse oss heilt fast, for barns medvirkning er viktig. Og skal våre små få vere medvirkande og medbestemmande, er det viktig å kunne vere impulsiv i lag med barna.

I årsplanen vil ein finne faste aktivitetar og dagar som er viktige i løpet av året. Det er viktig at ein les og sett seg inn i årsplanen for barnehageåret og at ein les treårsplanen til småbarnehagen.

Snøkrystallen småbarnehage er fortsett ein ny barnehage. Vi starta i januar 2007 som familiebarnehage, dette vert berre det tredje året vi driv som ordinær privat barnehage.

Vi ser at vi begynner å finne vår plass i barnehagekvardagen. Vi kjenner kva som fungerer med småbarn. Vi veit litt om kva som er flott å gjere i lag med barn i aldersgruppa 0-3 år. Vi ser kva vi er gode på, og vi prøver til ei kvar tid å forbetre det vi ikkje er så gode på.

Vi har som mål, at vi skal sjå ditt vesle barn som heilt spesielt. Og ta vare på

det som vårt eige. Vi skal gje det opplevingar og sette gode spor i livet til barnet. Slik alle dei små set spor i våre liv. Barna set og spor i barnehagen, og på korleis barnehagen skal bli.

Ønske vårt er å sjå kvart enkelt barn som unikt og jobbe for å få ein barnehage som gjenspeilar namnet vårt. Unike barn i ein unik barnehage. Der ingen er like, nett som snøkrystallen i naturen. Unik, skjør og fin. Vi skal vere liten og trygg for små barn. Det skal vere eit så lite miljø, at foreldre føler dei kjenner oss og er trygge på å gå frå sine barn hos oss.

Nordfjordeid 19. september 2011

Mari Henden Nilsen og Karina Kjørstad



Holane 12, 6770 Nordfjordeid

Tlf 473 95 464

www.snokrystallen.barnehageside.no

snokrystallen@gmail.com

Opningstider

Barnehagen er open alle kvardagar mellom 06.45-17.00. Vi vil ha hovudvekta av personalet frå 07.30-16.30. Det betyr at ein opnar berre tidlig om behovet er der, same gjeld ved stenging.

Barnehagen er stengt mellom jul og nyttår.

Vidare er barnehagen stengt tre veker på sommaren.

Feriestenging for 2012 vert vekene 30, 31 og 32.

Dette vart bestemt på barnehagemøte for foreldra den 30.08.2011

Planleggings dagar

Desse dagane er barnehagen stengt:

- 15. august 2011
- 10. og 11. oktober 2011,
- 03. januar 2012
- 18. mai 2012.

Desse 5 dagane er sett av til kompetanse og kvalitetsheving for personalet. Personalet har kurs og planleggingsarbeid desse dagane.

Siste dag i barnehageåret 2011-2012 er 14. august 2012.

Besøk oss på Internett

www.snokrystallen.barnehageside.no

Passord får ein i barnehagen.

Barnehagen har også eiga side under nettsamfunnet Facebook.

E-post: snokrystallen@gmail.com

Barnehageplassar

Samansetning av barnegruppa vert gjort om våren, ved opptak til nytt barnehageår i kommunen. Ved oppstart av dette barnehageåret har vi til saman 11 barn fordelt på 10 plassar i alderen 0-2,5 år.

Barnehagen har full barnegruppe for barnehageåret 2011-2012

Forsikring

Kvart barn er forsikra 24 timar i døgnet så lenge barnet har plass i Snøkrystallen småbarnehage. Avtalen er gjennom Private barnehagers landsforbund.



Personalet

Styrar: Karina Kjørstad i 100 % stilling, ein kontordag.

Pedagogisk leiar: Mari Henden Nilsen i 80 % stilling, ein dag til planlegging.

Førskulelærar: Sunniva Jensen Henden i 74% stilling

Assistent: Linda Hjelle i om lag 85 % stilling.

Assistent: Silje Instanes Bakke i om lag 60 % stilling.

Vikarar: Else Bjørlo, Janne Yri, Silje Storevik

Personalet går vakter.

Alle som jobbar i barnehagen har teieplikt, ein har likevel opplysningsplikt ovanfor barnevernet, når ein har mistanke om at barnet er utsatt for omsorgssvikt eller mishandling.

Barnehagen kan kome til å ta imot skuleelevar og praksisplassar utover året.

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet sine oppgåver er å vere rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Utvalet skal arbeide for eit godt barnehagemiljø for barn, foreldre og personale. Ein skal arbeide for å fremme kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet. Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen i barnehagen.

Representant i samarbeidsutvalet dette barnehageåret: Alexander Andersen, Sunniva Jensen Henden og Karina Kjørstad. Mari Henden Nilsen stiller som sekretær. Samarbeidsutvalet har møte kvart år.

Foreldrerådsrepresentant

Alexander Andersen vart valt til foreldrerepresentant for barnehageåret

2011-2012. Det vert kalla inn til foreldrerådsmøte viss det dukkar opp saker som skal takast opp.

Er det ting ein ønskjer å ta opp med foreldreråds representanten, når ein Alexander Andersen på mobiltelefon 473 93 998.

Alle foreldra er medlem av foreldrerådet. Oppgåver for foreldrerådet er:

- ❖ Fremme felles interesser.
- ❖ Vere med å skape eit godt barnehagemiljø.
- ❖ Styrke samarbeid mellom barnehage og foreldregruppa.

Vi sender ut ei brukarundersøking i løpet av barnehageåret slik at vi kan få evaluert arbeidet vi gjer i barnehagen i samarbeid med foreldra.

Spor i landskap!

I år sendte vi ut brev til alle foreldra, der dei fekk komme med innspel til årets tema i årsplanen. Dei fekk ulike alternativ og mulighet til å komme med idear. Felles ønske var at vi skal jobbe meir med ute-rommet. Det gleder vi oss til. Snøkrystallane, både små og store likar godt å vere ute.

Vi har mange spennande måtar å ta tak i spor i landskap. Landskap kan vere så veldig mykje både ute og inne. Men hovudvekta i år, blir på alle landskap vi finn ute. Dyrelandskap, kulturlandskap, landskapet rundt oss. Hagen vår, skogen, garden til Silje og leikeplassar vi ofte besøker.

I år har vi lyst til å jobbe meir med noko ein kallar Land art. Enkelt forklart er det kunst ute. Vi lagar spor eller kunst om ein vil ute. Då kan ein ta med seg element ut å lage kunst av, eller ein brukar det ein finn av ting i naturen. Ein kan også samle ting ein plass og lage det ein anna plass.

Land art er ein arbeidsform som er fin å jobbe med i vår barnegruppe. Der vi er opptekne av at barn skal få sette spor, og ikkje minst vere medvirkande og at vi skal vere opne for barns impulsar.

Rammeplanen seier at barn skal ha rett til medvirkning tilpassa alder og forutsetningar. Barna i vår barnehage formidlar sine synspunkt gjennom kroppsspråk og verbalt språk. Vi må lytte og tolke kroppsspråket og vere lydhøre i forhold til det "estetiske uttrykket" til barna. Når barna si merksemd blir fanga av noko det ser eller høyrer kan vi som vaksne ta utgangspunkt i dette og følgje interessa til barna. God kommunikasjon mellom dei vaksne og barna er viktig for å gje rom for medvirkning. Det er noko i det Geir Grimeland seier: "Når du gir rom for åpenhet gir du samtidig rom for opplevelse av innflytelse og medbestemmelse."

I år når vi skal jobbe med spor i landskap, vil vi ta bilder av treet vårt i hagen. Det gjer vi elles og, men i år vil vi ta bilde meir systematisk. Då kan vi sjå og følgje med på kva som skjer med treet vårt i dei ulike årstidslandskapa, og vi kan sjå på kva været gjer med treet vårt.



Året rundt i barnehagen...

Hausten

September, Oktober og November.

Det beste med hausten må vere variasjon! Hausten i barnehagen byr på mange element som skaper variasjon. Typisk for barnehagen om hausten er tilvenning. Vi får nye venner, og det er mange nye både barn og vaksne som skal bli kjende med kvarandre. Og nye venner gir variasjon i leik, songar, idear og utvikling. Ingenting er som før sommaren. Været skiftar fortare. Vi kan nesten ha sommar og vinter på ei veke, og det gjev variasjon i uteleiken og sanseintrykk. Vi har vind, sol, regn, tåke, kulde, varme og av og til snø på hausten.

Om hausten gjer vi ulike aktivitetar i barnehagen. Desse kan vere knytt til ulik tema, som for eksempel tilvenning, spor og årstida hausten. Rammeplanen med sine sju fagområder ligg til grunn i alt arbeid vi gjer i barnehagen.

Hausten i barnehagen:

- Vi ser på haustteikn, og spora hausten set på det rundt oss ute
- Vi snakkar om klede, kva vi må ha på i forhold til været.
- Vi følgjer med på kva hausten gjer med treet vårt i hagen
- Vi ser på husa som vi lagar heime med bilde av familiane og blir kjent med kvarandre
- Vi målar og lagar haustbilde som vi dekorerer med i barnehagen
- Vi lærar oss songar om hausten og "bli kjent"- songar
- Vi går på små turar i skogen, dei eldste får gå på biblioteket.
- Hausttur
- Tur til Silje sin gard for å sjå på dyr og leike.
- Ute leikar vi med søyler, vatn, såpebobler
- Mot slutten av hausten lagar vi hemmelege ting, som ingen får sjå før dei sitt på julekvelden og opnar gåver får sine små!



Nyttige datoar i haustmånadane:

16. august er første dag i årets barnehageår.

30. august har vi informasjonsmøte for foreldra.

SEPTEMBER 1. september lagar vi lapskaus/pølsesuppe i barnehagen.

20. september lagar vi pannekaker.

30. september besøker vi Silje.

OKTOBER 5. oktober blir Malene 1 år! Hipp hurra!

10 og 11. oktober er planleggingsdagar i barnehagen og barnehagen er stengt.

Veke 42 har vi brannøving i barnehagen.

20. oktober lagar vi pastasalat i barnehagen.

30. oktober er sommartida slutt. Still klokka ein time tilbake.

NOVEMBER 1. november lagar vi havregraut.

13. november er farsdag.

14. november er Leni Andre 2 år! Gratulerer!

21. november lagar vi pinnebrød til adventskaffien.

27. november er 1. søndag i advent.

28. november baker vi til adventskaffi og advent!



Vinter

Desember, januar og februar.

Det beste med vinteren må være alle sanseopplevingane i vår barnehage. Vi startar i desember med ein spennande og heilt forandra barnehage. I vår barnehage markerer vi advent, så kan familiare feire jul heime. Vi kosar oss i heile desember. Det er adventsaktivitetar, tradisjonar og ein lilla barnehage med mange sanseopplevingar både ute og inne.

Vinteren gir oss mange sanseopplevingar frå snø, is og kulde som både kan smakast, sjåast og kjennast i heile kroppen. Barna opplever mørke morgonar og det blir mørkt før ein går heim. Ute set naturen nye og andre spor med denne årstida. Landskapet vert heilt forandra.

Vinteren har ulike tema som den vert ramma inn av. Vi er opptekne av årstida vinter og spor vi finn i vinterlandskapet. I vinterlandskapet finn vi både formingsaktivitetar ute og inne, land art prosjekt i snø og is.

Vi matar småfuglane som overvintrar.

HUSK:

Viktig å ha varmt tøy i barnehagen. Både til å vere ute i og ekstra varmt tøy til å sove i ute. Små nok vottar og store nok sko. Husk å ta ut skosolen og måle, barnefoten veks fort og treng 12 mm såle fram om stortåa! Husk å merke nye klede før ein kjem etter juleferien ☺ Barnehagen har solkrem, men det kan vere godt med solbriller. Lyset blir skarpt når vi har sol og snø ute!

Vinter i barnehagen:

- Været som set spor på landskapet.
- Byggeprosjekt med snø og is. Vi lagar kanskje islykter, bygger snødyr og snømenn
- Sparketurar.
- Former ute og inne.
- Sola som kjem tilbake etter nyttår.
- Barnehage gudsteneste i desember ,Felles i kommunen.
- Solfest.
- Vi lærer vinter og julesongar.
- Vi følgjer med på korleis treet vårt er no om vinteren.
- Ake, turne skli i snø!
- Treet vår blir pynta med lys og adventspynt, og får jobben som juletre i desember!

Nyttige datoar i vintermånadane:

DESEMBER

- 1. desember er barnehagen lilla!
- 7. desember lagar vi til adventskaffi for foreldra ved henting. Vi lagar til ute, så kle deg godt!
- 9. desember er Olav 1 år! Hipp hurra.
- 13. desember er Luciadagen og vi går i tog til naboane i gata vår.
- 15. desember blir det grautfest i eldhuset til Silje.
- Ein dag i desember vert det gudsteneste, dato kjem vi tilbake til.

Romjula er barnehagen stengt.

Vi ønskjer alle ei god jul! Og eit godt nytt år!

JANUAR

2. januar er det planleggingsdag for personalet. Barnehagen er stengt!

3. januar er første dag etter nyttår! Vi lagar ostesmørbrød.

I veke 2 eller 3 vert det solfest om vi får fint vær! Da feirar vi med solbollar og gul saft!

20. januar lagar vi mat.

31. januar blir Martin 1 år! Hipp Hurra!

FEBRUAR

6. februar lagar vi fiskepinnar med grønsaker og potetstappe.

12. februar er morsdag.

14. februar er alle hjerters dag.

18. februar blir Henrik 2 år! Gratulerer!

27. februar lagar vi mat.



Vår!

Mars, april og mai.

Det beste med våren må vere alt liv som vaknar etter vinteren. Vinterspor forsvinn og våren kjem med nytt landskap og nye vårspor som dukkar opp over alt. Med våren får vi meir utetid. Det vert mange små og lengre turar no på våren. På desse turane ser vi på at naturen vaknar til liv, vi ser blomane som tittar opp av marka, livet hos dyra. Vi prøver med dette å lære oss litt om naturen og det landskapet vi lever i. Vi vil og prøve å finne måtar å bruke det vi finn i naturen til nye ting.

Treåringane våre i år, får fleire turar i skog og mark og til biblioteket. Elles nyttar vi tida til å lage land art ute. Om våren startar sesongen for å ete mat ute, både matpakke og mat vi lagar og tar med på tur. Våren er spennande med skiftande vær og skiftande temperatur. Og kva er vel betre enn den første dagen i barnehagen med lette springesko og lette dressar? Det er noko av høgdepunkta med våren. Når ein endeleg kan bytte ut vintersko og støvlar med lette småsko.

HUSK:

Det er viktig å ha både varmt tøy, men og litt lettare klede utover våren. Når sola kjem for fult i barnehagen vår, blir det fort varmt i solveggen!

Vår i barnehagen:

- Tur til Hennebygda.
- Påskelunsj for barna i barnehagen.
- Vi lagar påskepynt og pyntar til påske.
- Vi pyntar treet vårt med fine påske egg!
- Vi lærer 17. mai songar og vårsongar.
- Vi ser på vårteikn og samlar vårspor.
- Tur til Silje for å sjå på lam og andre vår spor.
- Tur til våsetra og utsikten.
- Vi ryddar og gjer klart for våren ute. Plukkar rusk, rakar og kostar.
- Hoppar i søyler.
- Ser på snø og is som smeltar.
- Det blir spennande å sjå kva som skjer med treet vårt no om våren.



Viktige datoar i vårmånadane:

MARS

- 1. mars bakar vi til påskelunsjen i slutten av mars.
- 25. mars stiller vi klokka til sommartid, ein time fram!
- 28. mars er det påskelunsj for barna med godt brød og pålegg.
- 29. mars har vi restefest frå påskelunsjen dagen før.

APRIL

- 1. april er palmesøndag.
- 2., 3. og 4. april har vi ope i barnehagen, med atterhald om minst to barn!
- 4. april stenger alle barnehagane kl 12.
- 10. april er første dag etter påskeferien
- 20. april lagar vi tomatsuppe

MAI

- 1. mai er off. høgtidsdag
- 4. mai er Emma 3 år! Hurra!
- Ein dag før 17. mai feirar alle barnehagane vårfest med barnehage tog i sentrum.
- 17. mai er grunnlovsdagen.
- 18. mai er planleggingsdag for personalet. Barnehagen er stengt**
- 19. mai er Tuva 3 år! Hurra!
- 23. mai planlegg vi tur til vårsetra og tek med oss mat.
- 26. mai er Solveig Helene 3 år! Hurra!
- 27. mai er pinsedag.
- 28. mai er 2. pinsedag.
- 31. mai planlegg vi vårtur til Hennebygda.



Sommar

Juni, juli og august

Det best med sommaren må vere at vi har tid. Meir tid til å kose oss. Vi har tid til å vere ute. Tid til å gå på korte og lengre turar. Tid til å nyte dei siste månadane i lag, før ferie og overgang til større barnehage. Eller frå å vere minst til størst i barnehagen vår.

Vi ser på sommaren som set sitt spor på landskapet rundt oss. Og i barnehagen jobbar vi med å skape, vi skaper minner frå tida ein har vore i barnehagen. Vi lagar spor til å ta med seg når ein sluttar, eller spor frå året som har gått. Vi lagar spor for å vise alle spora vi har laga og sett, opplevd og lært i løp av barnehageåret som har gått. Og alle spor som vi har samla, i alle tenkelige former. Ja, dei vil vi vise til mamma, pappa og familien vår på sommarfesten. Så utover våren og sommaren jobbar vi mot det, å lage ein kjempefin sporutstilling som ramme for ein familiesommaravslutningsfest 😊

HUSK:

Barnehagen har solkrem som vi smør barna med. Husk å ta med solhatt og solbriller på varme dagar.

Sommar i barnehagen:

- Sentrumsdag med henting ved hæruseet.
- Sommarfest med stor sporutstilling ute og inne i heile barnehagen.
- Småturar i nærområdet og til Silje.
- Vi syng sommarsongar og andre songar.
- Dei som sluttar får besøke sin barnehage, om det er mulig.
- Vi plukkar blomstrar og lærer blomsternamn.
- Vi ser på treet vårt no om sommaren.



Nyttige datoar i sommarmånadane:

- JUNI**
- 01. juni er Andrea 2 år! Gratulerer!
 - 4. juni baker vi til sommarfesten.
 - 7. juni planlegg vi ein sentrumsdag med henting ved hærmuseet.
 - 21. juni lagar vi til sommarfest i barnehagen for familiane. Vi lagar sporutstilling ute og inne i barnehagen.
 - 23. juni blir Thomas 2 år! Gratulerer!
 - 24. juni er jonsokdag.
- JULI**
- 7. juli blir Iver 2 år! Gratulerer!
 - 20. juli er siste dag før tre veker feriestengt barnehage.
 - Ferie stengt i vekene 30, 31 og 32 etter avtale på foreldremøtet 30. august 2011.
- AUGUST**
- 13. august er første dag etter sommarstenging.
 - 14. august er siste dag i dette barnehageåret.
 - 15. august er planleggingsdag for personalet i alle barnehagane.
 - 16. august er første dag i barnehageåret 2012-2013. Dei som skal endre prosent, eller bytte barnehage begynner med dette no.

Vi avsluttar med å seie: Lykke til i ny barnehage!, til alle dei små vennane våre som skal slutte hos oss.

Også ønskjer vi alle ein fin sommarferie, med mange fine spor. Vi takkar for året som har gått, med spor i alle variantar. Vi gleder oss til å sette nye spor, i lag med nye og gamle venner i neste barnehage år!

